



Under synfaringa til forvaltningskomiteeen i vinter vart dette biletet teke. Gunnar Kjærland står til venstre.

Saka om frådeling av naustet til Gunnar Kjærland ligg no hos Fylkesmannen, men det pågår framleis ein brevveksling med Statens Vegvesen om avkøyrslø.

Det siste som er skjedd er at Kjærland har søkt om utvida bruk av ei avkøyrslø som ligg 50 meter lenger aust eller alternativt opparbeidd parkering på eigen bustadtomt like ved.

Statens Vegvesen vedtok sist sommar å avslå søknaden om avkøyrslø og det vart grunngeve med at det ikkje var mogeleg å oppfylla krava til vegnormalane i høve frisikt med meir ved avkøyrslø. Det vart ikkje klaga på vedtaket.

No har Statens Vegvesen kome med ei ny uttale og dei kan ikkje sjå at nausttomta kan opprettast før det er sikra lovleg adkomst til offentleg veg.

Vegvesenet nemner at det under synfaring med heimelshavar i vinter vart nemnd at det kunne opprettast parkeringsplass på bustadeigedomen for nausttomta, men heimelshavaren var då ikkje interessert i dette.

Parkeringsretten må i så fall vera varig og tinglysast som eit hefte på bustadeigedomen, har vegvesenet understreka.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen